



Utval:	Planutvalet
Møtestad:	Kantina, Kommunehuset
Dato:	04.02.2013
Tid:	12:00

Forfall må meldast til utvalssekretær på telefon 71 27 05 00 som syt for innkalling av varamedlemmer. Varamedlemmer møter etter nærare melding.

SAKSLISTE

Saksnr	Innhald	Arkivsaknr
PS 13/1	Referatsaker	
PS 13/2	Søknad om dispensasjon til utviding og utbetring av hamn - gnr. 41 bnr. 3 - Bjørn Opstad	2012/371
PS 13/3	Søknad om dispensasjon til rehabilitering av molo og flytting av naust - gnr. 112 bnr. 1 - Odd Helge Gangstad	2012/153
PS 13/4	Eigengodkjenning av reguleringsplan for hytteområde Flesjø på G.nr. 114, B. nr. 1	2009/612

Midsund, 29.01.2013

Einar Øien
ordfører

Ann Torill Vaksvik
sekretær

PS 13/1 Referatsaker



Saksframlegg

Søknad om dispensasjon til utviding og utbetring av hamn - gnr. 41 bnr. 3 - Bjørn Opstad

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/2	Planutvalet	04.02.2013

Forslag til vedtak:

Bjørn Opstad får dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og plan- og bygningslova § 1-8, til utviding av småbåthamn, utlegging av flytebrygger og flytenaust, etablering av slipp, bygging av p-plass og sanitæranlegg/klubbhus med slamavskiller samt forsterkning av plastring på molo, på gnr. 41 bnr. 3 på Opstad.

Lovheimel: Plan- og bygningslova § 19-2

Vilkår:

Dersom det under arbeidet vert oppdaga kulturhistorisk materiale som kan vere verna eller freda etter loven (keramikk, glas, vrakdelar etc.), må arbeidet stansast og NTNU Vitskapsmuseet varslast omgåande, jf. kulturminnelova § 14, tredje ledd.

Saksutgreiing:

Bjørn Opstad søker om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og plan- og bygningslova § 1-8 til utføring av fleire tiltak ved hamna på gnr. 41 bnr. 3.

Det vert søkt om utviding av småbåthamn, utlegging av flytebrygger og flytenaust, etablering av slipp, bygging av p-plass, og sanitæranlegg/klubbhus med slamavskiller samt forsterking av plastring på molo.

Tiltaket ligg i eit LNF-1 område i kommuneplanens arealdel og i 100-metersbeltet langs sjøen. Det er 16,6 dekar fulldyrka jord og 15,6 dekar innmarksbeite på garden, men tiltaket vil i svært liten grad berøre landbruksinteressene på garden.

Saka vart sendt på høyring den 26.10.2012 til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Kystverket, NTNU vitenskapsmuseet og Molde og Romsdal havn IKS. Fråsegna vert kort referert her, og følgjer saka som prenta vedlegg.

Møre og Romsdal fylkeskommune, fråsegn datert 22.11.2012:

Det er positivt at utvida tilrettelegging for småbåtar skjer ved utviding og betra infrastruktur i eksisterande anlegg. Fylkeskommunen har ikkje merknader til søknaden.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fråsegn datert 5.11.2012:

Fylkesmannen har ut frå sine ansvarsområde ikkje merknader til søknaden.

NTNU Vitenskapsmuseet, fråsegn datert 13.11.2012:

Det føreligg ingen opplysningar om kulturminner under vatn, men vi minner om meldeplikta.

Kystverket har ikkje svart på søknaden.

Molde og Romsdal havn IKS, fråsegn datert 7.12.2012:

Molde og Romsdal havn IKS har ingen merknader til søknaden.

Vurdering:

Som Møre og Romsdal Fylkeskommune påpeikar, er det positivt at ein utvidar eksisterande småbåtanlegg. Rådmannen ser på det som ein fordel at ein samlar båtar i større anlegg. Dette er ei betre løysing enn bygging av store naust med eigen molo.

Ut over dette har ikkje sentrale myndigheiter kommentarar til at det vert gjeve dispensasjon. NTNU viser til aktsemd og meldeplikt i kulturminneloven § 14.

Det er ikkje registrert utvalde naturtypar i området tiltaket er tenkt utført, men det er registrert observasjon av fiskemåse i området i Artskart. Fiskemåsen er registrert som nær trua i raudlista for 2010. Kravet i § 8 om at saka skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap er dermed oppfylt. Det er ikkje grunn til å anta at det er trua naturtyper eller andre trua arter i det aktuelle området. Føre-var prinsippet blir difor tillagt mindre vekt i saka.

Rådmannen antar at tiltaket ikkje vil få påverknad for leveområde og næringskjelde for fiskemåsen. Ein legg difor til grunn at det ikkje er nødvendig å foreta vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfoldlovens §§ 9-12.

Rådmannen vurderer at det ligg føre klare fordelar med ei utviding av eksisterande hamn. Då området i stor grad er bebygd frå tidlegare, kan ikkje rådmannen sjå at omsynet til 100-meters beltet og LNF-1 området blir vesentleg tilsidesett. Det er då grunnlag for å kunne gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2.

Rådmannen rår til at Bjørn Opstad får dispensasjon frå kommuneplan og plan- og bygningslova § 1-8.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Sindre Sæter
Saksbehandlar

Vedlegg (prenta): Situasjonsplan
Oversiktskart
Søknad om dispensasjon
Fråsegn Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 22.11.2012
Fråsegn Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 5.11.2012
Fråsegn NTNU Vitenskapsmuseet, datert 13.11.2012
Fråsegn Molde og Romsdal havn IKS, datert 7.12.2012

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Opstad Maskin, PB 63, 6476 Midsund
Bjørn Opstad, 6475 Midsund
Molde og Romsdal havn IKS, PB 281, 6401 Molde
Kystverket Midt-Norge, PB 1502, 6025 Ålesund
NTNU Vitenskapsmuseet, Institutt for arkeologi og kulturhistorie, 7491
Trondheim
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2012/153-10
Arkiv: 112/1
Saksbeh: Sindre Sæter
Dato: 21.01.2013

Saksframlegg

Søknad om dispensasjon til rehabilitering av molo og flytting av naust - gnr. 112 bnr. 1 - Odd Helge Gangstad

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/3	Planutvalet	04.02.2013

Forslag til vedtak:

Odd Helge Gangstad får dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og plan- og bygningslova § 1-8, til rehabilitering av stormskada molo, utdjupeing av hamnebasseng, heving av molo og området rundt naustet med 0,5 - 1 meter, flytting av naust 2-5 meter lenger inn på land, samt mellombels masseuttak i nærleiken av moloen, på gnr. 112 bnr. 1 på Gangstad.

Lovheimel: Plan- og bygningslova § 19-2

Vilkår:

Dersom det under arbeidet vert oppdaga kulturhistorisk materiale som kan vere verna eller freda etter loven (keramikk, glas, vrakdelar etc.), må arbeidet stansast og NTNU Vitskapsmuseet varslast omgåande, jf. kulturminnelova § 14, tredje ledd.

Moloen skal plastrast med stein som er eigna til formålet, og arbeidet utførast på ein slik måte at ein minimerer risikoen for ny utrasing.

Masseuttaket skal fyllast igjen med masse eigna til formålet og området må såast i så snart som råd. Masseuttaket kan ikkje opparbeidast på ein slik måte at det blir til fare for folk eller dyr. Masseuttaket kan ikkje opparbeidast lenger enn til kote 10 meter over havet.

Saksutgreiing:

Odd Helge Gangstad søker om dispensasjon frå kommuneplanens arealdel og plan- og bygningsslova § 1-8 til utføring av fleire tiltak ved naust og molo på gnr. 112 bnr. 1.

Det vert søkt om rehabilitering av stormskada molo, utdjuving av hamnebasseng, heving av molo og området rundt naustet med 0,5 - 1 meter, samt flytting av naust 2-5 meter lenger inn på land. I tillegg vert det søkt om eit mellombels masseuttak i nærleiken for vedlikehald av moloen, dette på grunn av at det ikkje er mogleg å tilføre masse utanfrå.

Tiltaket ligg i eit LNF-1 område i kommuneplanens arealdel og i 100-meters beltet langs sjøen. Odd Helge Gangstad driv mjølkeproduksjon på garden, men tiltaket er ikkje i konflikt med landbruksinteressene. Det er ikkje registrert spesielle naturtypar eller artar på staden.

Saka vart sendt på høyring den 26.10.2012 til Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Kystverket, NTNU vitenskapsmuseet og Molde og Romsdal havn IKS. Fråsegna vert kort referert her, og følgjer saka som prenta vedlegg.

Møre og Romsdal fylkeskommune, fråsegn datert 22.11.2012:

Det er mogleg at det finst steinalderbuplassar inne i denne vika som enno ikkje er oppdaga. Vi ønskjer difor ikkje at det skal takast ut masse over 10 moh, då dette kan kome i konflikt med automatisk freda kulturminne. Til eit positivt vedtak bør det stillast vilkår som sikrar landskapsomsyn ved forsterkning av molo og utdjuving av hamnebasseng. Det må stillast konkrete vilkår om avslutning av masseuttak etter bruk.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal, fråsegn datert 15.11.2012:

Fylkesmannen vil rå i frå at det blir gitt dispensasjon for å forsterke moloen på ein måte som legg beslag på meir areal i bukta enn det moloen i dag dekker. Masseuttaket bør plasserast så lite synleg frå sjøen som mogleg, og kommunen må stille krav til uttak og tilstelling som sikrar tilbakeføring til naturlikt terreng. Massane som blir traua ut innanfor moloen kan eventuelt plasserast i masseuttaket.

NTNU Vitenskapsmuseet, fråsegn datert 13.11.2012:

Det føreligg ingen opplysningar om kulturminner under vatn, men vi minner om meldeplikta.

Kystverket, fråsegn datert 5.12.2012

Kystverket har ingen innvendinger til at det dispenseres.

Molde og Romsdal havn IKS, fråsegn datert 7.12.2012:

Molde og Romsdal havn IKS har ingen merknader til søknaden.

Vurdering:

Fylkeskommunen og Fylkesmannen har ei rekkje anbefalingar og krav i forhold til opparbeidinga av molo og slutføring av masseuttaket. Rådmannen rår til at desse vert tatt med i vedtaket. Ut over dette har ikkje sentrale myndigheiter kommentarar til at det vert gjeve dispensasjon. NTNU viser til aktsemd og meldeplikt i kulturminneloven § 14.

Det er ikkje registrert utvalde naturtypar, prioriterte eller raudlista artar i området tiltaket er tenkt utført. Kravet i § 8 om at saka skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap er dermed oppfylt. Det er ikkje grunn til å anta at det er trua naturtyper eller andre trua artar i det aktuelle området. Føre-var prinsippet blir difor tillagt mindre vekt i saka.

Tiltaket vil ikkje få betydning for registrerte utvalde naturtypar eller prioriterte artar. Ein legg difor til grunn at det ikkje er nødvendig å foreta vurderingar etter dei andre miljøprinsippa i naturmangfoldlovens §§ 9-12.

Rådmannen vurderer at det ligg føre klare fordelar ved rehabilitering av stormskada molo. Mange eldre moloar er bygd med rund stein og er soleis utsett for utrasing. Med dei vilkåra som er sett i forslag til vedtak, kan ikkje rådmannen sjå at det skal vere nokon vesentlege ulemper ved tiltaket. Då området i stor grad er påverka av eksiterande anlegg, kan ikkje rådmannen sjå at omsynet til 100-meters beltet og LNF-1 området blir vesentleg tilsidesett. Det er då grunnlag for å kunne gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2.

Rådmannen rår til at Odd Helge Gangstad får dispensasjon frå kommuneplan og plan- og bygningslova § 1-8.

Ketil Ugelvik
Rådmann

Sindre Sæter
Saksbehandler

Vedlegg (prenta): Situasjonsplan
Oversiktskart
Søknad om dispensasjon
Fråsegn Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 22.11.2012
Fråsegn Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 15.11.2012
Fråsegn NTNU Vitenskapsmuseet, datert 13.11.2012
Fråsegn Molde og Romsdal havn IKS, datert 7.12.2012
Fråsegn Kystverket, datert 5.12.2012

Vedlegg (uprenta): Komplette saksmappe

Særutskrift går til: Opstad Maskin, PB 63, 6476 Midsund
Odd Helge Gangstad, 6475 Midsund
Molde og Romsdal havn IKS, PB 281, 6401 Molde
Kystverket Midt-Norge, PB 1502, 6025 Ålesund
NTNU Vitenskapsmuseet, Institutt for arkeologi og kulturhistorie, 7491
Trondheim
Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde
Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde



Midsund kommune
Teknisk

Arkivsak: 2009/612-34
Arkiv: 114/1
Saksbeh: Inge Rakvåg
Dato: 25.01.2013

Saksframlegg

Eigengodkjenning av reguleringsplan for hytteområde Flesjå på G.nr. 114, B. nr. 1

Utvalsak	Utval	Møtedato
13/4	Planutvalet	04.02.2013
	Kommunestyret	

Forslag til vedtak:

1. Midsund kommunestyre godkjenner i medhald av plan- og bygningslova § 12-12, reguleringsplan for Flesjå, 114/1 og 113/2, plankart og føresegn datert 19.12.2012, planomtale av 10.04.12.
2. Reguleringsplana er områderegulering etter plan- og bygningslova § 12-3.

Saksutgreiing:

Reguleringsplana gjeld eit hyttefelt med 15 hytter på sør/vest sida av Midøya. Arealet er på 126,1 daa.

Tidlegare dokument:

- Søknad om oppstart frå Drønnen Gard AS den 15.01.10
- Oppstartsvedtak i planutvalet i sak 10/6 den 16.02.10
- Melding om oppstart av 11.03.10
- Svar på - Melding om oppstart frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 24.03.10
- Svar på - Melding om oppstart Møre og Romsdal fylkeskommune 29.03.10
- Svar på revidert varsel - Melding om oppstart Møre og Romsdal fylkeskommunen 19.05.10
- Arkeologisk registrering - Møre og Romsdal fylkeskommune 10.06.10
- Referat frå synfaring på planområdet den 03.09.10

- Utlegging til offentlig ettersyn Planutvalet sak 10/54 av 14.10.10 med høyringsfrist til 30.11.10.
- Frå Statens vegvesen av 16.11.10
- Frå Møre og Romsdal fylkeskommunen 30.11.10
- Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 29.11.10
- Nytt forslag av 31.01.11.
- Planutvalet møte den 15.02.11 sak 11/6. – Vedtak om drøfting med fylkesmannen og fylkeskommunen
- Møte i Molde den 28.02.11 – felles orientering/ utveksling av synspunkt.
- Synfaring den 23.05.11 - ikkje skrevet referat pga. det kom ikkje fram direkte signal.
- Frå Møre og Romsdal fylkeskommunen 09.06.11
- Frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal av 27.05.11
- Ordførar Einar Øyen ber om mekling med fylkesmannen, brev av 03.07.12, med revidert planforslag av 10.04.12.
- Referat frå meklingsmøte med fylkesmannen den 27.09.12
- Oversending den 07.01.13 til Fylkesmannen, justert reguleringsplan av 19.12.12 i samsvar med mekling av 27.09.12
- Svarbrev frå fylkesmannen den 08.01.13 om godkjenning av forslaget til reguleringsplan av 19.12.12.

Vurdering:

Som det vises av tidlegare dokument var dei ingen merknadar frå naboar. Avklart tidleg i prosessen med Statens vegvesen.

Den vanskelege avklaringa/ motsegn var frå fylkesmann og fylkeskommunen. Møte med Fylkesmannen og Fylkeskommunen i Molde den 28.02.2011, og synfaring på Flesjan den 23.05.11. (Mk: Helge Orten og Inge Rakvåg). (Utbyggjar Eivind Raknes og Harald Hjelle arkitekter As) (Fm: Otnes og Fk. Loen). Dette gav ingen konkrete signal som vi kunne bruke vidare. Svara kom som høyringsbrev.

Motsegn på reguleringsplan av 31.01.11 frå:

Møre og Romsdal fylkeskommune brev av 09.06.2011

Konklusjon

Etter vår vurdering av framlagt revidert planforslag og synfaring på staden, er omsynet til dei strandnære kvalitetane i Flesjebukta framleis ikkje godt nok ivareteke. Vi held fast ved vår motsegn knytt til den nedste hytterekka, tomt nr. 7-13. Vi rår også klart til at tomt nr. 14 går ut av planen.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal brev av 27.05.2011

Konklusjon

På bakgrunn av møte og synfaring har Fylkesmannen følgjande tilbakemelding på det reviderte planforslaget:

- *Fylkesmannen held fast ved motsegna knytt til hyttene 7-10 og 12-14.*
- *Andre endringar innfrir merknadene frå Fylkesmannen, og vi kan trekke motsegna.*
- *Vi rår til at hyttene 11 og 15 blir tatt ut av planen.*

Planutvalet behandla innkomne merknadar i møte den 15.02.11 sak 11/6. – Vedtak om drøfting med fylkesmannen og fylkeskommunen for å finne løysing på motsegnene.

Møte med fylkesmannen og fylkeskommunen i Molde den 28.02.11 – felles orientering/ utveksling av synspunkt.

Synfaring den 23.05.11 - ikkje skrevet referat pga. det kom ikkje fram direkte signal.

Dette gav ingen konkrete signal som vi kunne bruke vidare. Svara kom som høyringsbrev, jfr. ovanfor.

Diverse møter med utbyggjar blei halde for å sjå kva som var mogeleg å "godta" av motsegnene. Nytt planforslag vart utarbeida av 10.04.12 med planomtale av 10.04.12 som vart lagt til grunn i meklingsmøtet mellom Fylkesmannen og Ordførar i Midsund den 27.09.12.

Etter meklingsmøtet vart det laga eit revidert planforslag av 19.12.12 som vart godkjent av fylkesmannen i brev av 08.01.13.

Konklusjon.

Rådmannen legg fram eit planforslag datert 19.12.12 med planomtale av 10.04.12 utan motsegn frå fylkeskommune og fylkesmann og tilrår at reguleringsplana blir eigengodkjent.

Økonomiske / administrative konsekvensar:

Ingen

Ketil Ugelvik
Rådmann

Inge Rakvåg
Teknisk sjef

Vedlegg (prenta): Planomtale 10.04.12. Plankart med føresegn av 10.12.12
Motsegnsbrev frå Fylkesmannen av 26.05.11
Motsegnsbrev frå Fylkeskommunen av 09.06.11
Referat frå Meklingsmøte med Fylkesmannen av 27.09.12
Stadfesting frå Fylkesmannen, revidert planforslag
av 19.12.12 er i samsvar med meklingsforslaget.

Vedlegg (uprenta): Mappe

Særutskrift går til: Fylkesmanne i Møre og Romsdal, Møre og Romsdal fylkeskommune, Statens vegvesen og Drønnen Gard AS.